

## EKSAMENFEST PÅ SKJOLD SKULE

FAU på Skjold skule har innført rutine for det praktiske arbeidet med eksamensfest for avgangselevane.

Foreldre på 9.trinn hjelper til: Lagar kaker, kokar kaffi, serverer, tek oppvasken og ryddar salen etter at festen er ferdig. På denne måten vil 10.klassingane og foreldra deira komma til og gå frå "duk og dekkja bord", og 9.kl-foreldra får "lønn for strevet" når det blir deira tur til å vera gjester året etter. Klassekontaktane på 9.tr. har ansvar for arbeidsfordelinga mellom foreldra.

Dette er er høgtideleg fest og ein merkedag for elevar og foreldre. Her følgjer ein del praktiske opplysningar:

Tid og stad:	Dagen før avslutningsdagen før ferien, 21.6. kl. 19-22. Kultursalen, Skjold Arena	
Arrangør:	Skjold skule i samarbeid med føresette på 9.tr. Ingen inngangspengar.	
Gjester:	Avgangselevane og deira føresette, 43 elevar + føresette Lærarane som underviser på 10.tr. Det blir krav om påmelding, slik at ein veit nøyaktig tal nokre dagar før.	
Meny:	Rundstykke. Skulen bestiller og dei blir levert på Skjold Arena. Blir servert på borda. Kake-bord: Foreldre på 9.tr. Minst ei kake av normal størrelse pr.10 gjester. Hugs glutenfrie! Kaffi/saft: innkjøpt av skulen og står klart på kjøkkenet.	
Servering:	Foreldre/føresette på 9.tr. serverer. Elevar på 9.tr. skal ikkje setjast til denne oppgåva.	
Pynting:	Elevane pyntar og dekker bord i skuletida.	
Antrekk:	Elevane kjem fint pynta, gjerne bunad/dress. Det er hyggeleg om dei andre gjestene også pyntar seg. Dei som skal servera bør ha mørk bukse/skjørt og kvit overdel.	
Innhald:	Festen blir avslutta med utdeling av vitnemål. Elles blir det helsingstalar frå lærarar og rektor, ofte også frå elevane. Elevane plar også ha programinnslag. Foreldra på 9.tr. får programoppsettet frå kontaktlærer på 10.tr. på førehand.	

### TIDSSKJEMA:

18.30	Låsa opp. Gjer avtale med skulen.	2 pers
	Koka kaffi: Kaffimaskin. Blanda saft. Vatn.	
	Tenna stearinlysa.	
19.30	Servering: 4 langbord, elevane på det midterste, foreldra på sideborda.	2 pers pr. bord?
22.00	Ryddja av borda. Oppvask. Rydda kjøkkenet.	6 pers?
	Ryddja bort borda. Stolane kan stå, skal brukast neste dag. Moppa golvet.	6 pers?
	Låsa: Avtal med skulen	